

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 31.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/21	Utval for næringutvikling og drift	08.04.2021

## Rammer for kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune legg opp rammene for kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder slik det er lagt fram i saka.

### Utval for næringutvikling og drift 08.04.2021:

#### Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

*NOK 1 million av midlane vert overført til IUV, slik at dei kan fordela desse midlane vidare med eit særleg siktemål om å stimulera til utvikling og innovasjon for Alver-verksemder som er råka av smittevernstiltak, framleis i tråd med rammene gjeve i tildelingsskrivet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Verksemder kan ikkje få tildelt midlar både frå IUV og kommunen direkte etter denne ordninga.*

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.  
Tilleggsframlegget frå Stian Lavik fekk ei røyst og fall.

#### ND- 037/21 Vedtak:

Alver kommune legg opp rammene for kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder slik det er lagt fram i saka.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

#### Saksopplysningar:

##### Kva saka gjeld:

- Denne saka gjeld avklaring på rammer og prosess for kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder.

#### Bakgrunn:

Alver kommune har fått tildelt NOK 6 040 475 som skal fordelast vidare til lokalt næringsliv som er råka av smitteverntiltak. Føremålet med tilskotet er å setje kommunane betre i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale verksemder som er særleg hardt råka av lokale eller nasjonale smitteverntiltak.

Ordninga skal også fungere som ei kommunal ventilordning for å kompensere lokale verksemder som fell heilt eller delvis utanfor dei generelle kompensasjonsordningane. Kommunane skal bruke midlane på tiltak for lokale verksemder som er ramma av strenge smitteverntiltak. Dette gjeld særleg:

- stønad som kompensere for kostnader eller tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging,
- stønad til verksemdar innanfor reiselivs-, arrangements- og serveringsnæringane.
- stønad for andre verksemdar som av ulike grunner fell utanfor generelle kompensasjonsordningar.

Det er også mogleg å gje støtte til destinasjonsselskap og andre fellestiltak for reiselivet, samt autoriserte besøkssenter for natur og verdensar, som på grunn av pandemien har stor omsetningssvikt i 2021.

Kommunane har betydeleg fridom til å tilpasse kva for verksemdar dei kan støtte avhengig av den lokale situasjonen. Kommunane må dele ut midlane innan 01.09.2021. Stønad til verksemdar må vere i samsvar med regelverket for offentleg støtte. Departementet vil etablere eit forenkla søknadsskjema som verksemdene kan nytte, og verksemdene skal søke via [regionalforvaltning.no](http://regionalforvaltning.no). Kommunen skal sende sluttrapport til departementet innan 31.12.2021

### Vurdering

Det er lagt opp til at kommunane har stor fridom til å utarbeide rammer for kompensasjonsordninga som treff utfordringane i det lokale næringslivet. Men det er presisert at kommunane skal bruke midlane på tiltak for lokale verksemdar som er ramma av strenge smitteverntiltak, og at det skal vere ei ventilerordning for å kompensere lokale verksemdar som fell heilt eller delvis utanfor dei generelle kompensasjonsordningane. Verksemdar i Alver har i større eller mindre grad vore råka av smitteverntiltaka, og det har råka dei aller fleste bransjar.

Det er viktig å leggje opp til ei ordning som er enklast mogleg å handtere, både for verksemdene og for kommunen. Rådmannen tilrår derfor følgjande rammer for kompensasjonsordninga i Alver kommune:

- Kompensasjonsordninga skal gjelde for alle verksemdar i kommunen som er råka av smitteverntiltak.
- Ordninga skal nyttast innanfor to område:
  1. Dekke faste kostnader, det kan til dømes gjelde løn, husleige, straum, forsikring og andre løpande utgifter.
  2. Dokumentert fall i omsetnad i 2020 og 2021. Her må verksemdene leggje fram relevant dokumentasjon for å synleggjere omsetnadssvikt.
    - Stønaden vert gjeve etter reglane for bagatellmessig stønad. Søkjarar må stadfeste at dei samla over tre rekneskapsår ikkje har motteke offentleg stønad på meir enn 200.000 Euro.
    - Nivået på stønaden heng saman med tal søkjarar. Om det er mange søknadar innforfor kriteria, kan det bli ein sjablongmessig reduksjon av kompensasjonsbeløp.
- Skatteattest skal ligge ved søknaden, og stønad blir ikkje tildelt til verksemdar som ikkje blir rekna å vere solvente.
- For å få stønad må verksemdene vere registrert før 12. mars 2020 og ikkje vere under konkursbehandling eller avvikling.
- Vidare må verksemdar drive lovleg og ha betalt skattar, avgifter og forskotstrekk med forfall før 29. februar 2020
- *Søknader sendast inn via [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).*
- Søknadsfrist: 1. mai 2021

### Alternative rammer/ordningar

Ettersom det er stor fridom til å tilpasse ordninga til lokale forhold, har kommunane i Norge laga ulike rammer for denne kompensasjonsordninga. Her er alternative rammer som andre kommunar har valt:

- Det blir sett av ein sum til fellestiltak for verksemdar som er særleg råka av smittevernrestriksjonar. Organisasjonar som representerer fleire verksemdar kan her søkje. Kommunen krev i denne løysinga at organisasjonane matcher det beløpet som blir gjeve i tilskot (Som ei næringsfondsordning)
- Kommunen gir berre kompensasjon for verksemdar som har omsetningsfall på meir enn 30 %.
- Fordeling av stønad på følgjande vilkår:

1. 80% av stønaden blir utbetalt ut frå ein forholdsmessig samla reduksjon i omsetninga i perioden januar og februar 2021 i forhold til same periode i 2020. For nye verksemder som ikkje hadde omsetning i januar og februar 2020, er grunnlaget samla fall i omsetnaden i januar og februar 2021 ift budsjett. Budsjettet må framstå som realistisk. Søkjarar må dokumentere reduksjon i form av omsetnings- og budsjett-tal og opplyse om allereie motteke koronastønad.
2. 20% av stønaden blir utbetalt forholdsmessig ut i frå tal tilsette/permitterte i verksemda pr. ein på førehand satt dato.

**Vedlegg i saken:**

31.03.2021	Tilskotsbrev kommunal kompensasjonsordning	1536495
31.03.2021	Vedlegg fordeling	1536498